

ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 20. MARS 2013

Protokoll frå årsmøte i Øystese idrettslag halde i Holmatun 20.03.2013 kl. 1900

Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett

Det var tilstades 14 personar med stemmerett ved starten av årsmøte.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent med følgjande merknad:

Både i lysing i HF og på ØIL-heimesida var årsmøtetidspunktet opplyst til torsdag 20.03.2013. Skulle sjølvstilt vere onsdag 20.03.2013. Styret ber om orsaking for oppstått feil.

Sak 3. Val av møteleiar, referent samt 2 representantar til å underskrive årsmøteprotokoll

Vedtak etter forslag på årsmøte:

Som møteleiar vart Trude Torvund einstemmig valt.

Som referent vart Rune Vik einstemmig valt.

Som underskrivar av protokoll vart følgjande einstemmig valt:

* Britt Marit Fasteland

* Albart Tvedt

Sak 4. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2012

Årsmelding vart gjennomgått ved at skrivar Rune Vik las opp.

Vedtak:

Årsmelding ØIL 2012 vart einstemmig godkjend utan merknadar.

Sak 5. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2012 og budsjett for 2013

Gjennomgang av resultatrekneskap, balanserekneskap og budsjett ved kasserar Trude Torvund. Rekneskapet er revidert og funne i orden, datert og signert av revisor Signe K. Kvamsøy 21.02.2013

Vedtak:

Rekneskap ØIL 2012 og budsjett for 2013 vart einstemming godkjend utan merknad.

Sak 6. Handsaming av innkomne forslag og saker**Sak A:****Nye vedtekter for Øystese idrettslag med utgangspunkt i NIF-lovnorm**

Sitat frå brev datert 14.12.2012 frå NIF:

På Idrettstinget i 2011 ble det vedtatt en rekke lovendringer som har betydning for alle landets idrettslag. Basert på lovendringene fra Idrettstinget, er det nå utarbeidet en ny lovnorm som inneholder et minimum av det et idrettslag må ha i sin lov. Dette innebærer at idrettslaget må vedta nye lovendringer som er i samsvar med den nye lovnormen på sitt neste årsmøte. Det er styret i idrettslaget som er ansvarlig for å fremme forslag om disse lovendringene og å utarbeide et utkast til ny lov som skal presenteres for årsmøtet..

Endring av vedtekter vil krevje 2/3 – fleirtal.

Forslag til vedtak:

ØIL-styret sitt forslag til vedtak:

Lov for Øystese idrettslag med seinare endringar, seinast 20.03.2013 vert godkjent.

Vedtak:

Einstemmig vedtak:

Lov for Øystese idrettslag med seinare endringar, seinast 20.03.2013 vart godkjent.

Sak 7. Fastsetting av medlemskontingent

Økonomien i hovudlaget er god. Styret foreslår derfor at kontingent for 2013 vert uendra.

Vedtak:

Einstemmig vedtak: ØIL-medlemskontingent for 2013 vert som for 2012.

- Familie	kr	500,-
- Aktiv vaksen	kr	300,-
- Barn	kr	200,-
- Støttemedlem	kr	100,-
- Styrerepresentantar og gruppeleiarar	kr	100,-

Sak 8. Orienteringssaker

A. Orientering om Hardanger Talentutvikling AS (HT)

1) Kompensasjonsmiddelsaka

Det har dei siste to vekene vore ein del turbulens rundt utbetalte kompensasjonsmidlar til Hardanger talentutvikling AS. Viser til fleire oppslag i Hordaland folkeblad. Utbetalt tilskot gjaldt dekking av utført prosjekt i 2012. Målsetjinga med prosjektet var å jobbe mot å få etablert eit idrett grunnfag i Kvam.

HT har i 2012 ikkje rådd over likvide midlar til å forskotere arbeid med å utføre godkjent prosjekt. Styreleiar i HT har derfor utført det meste av prosjektarbeidet på dugnadsbasis. Kostnader knytt til prosjektet vart dokumentert gjennom lønnsliappar frå dagleg leiar i HT, sjølv om han berre hadde utført liten del av arbeidet.

Øystese idrettslag som eigar av Hardanger talentutvikling, ser at eigarstyringa har vore for svak og ber om orsaking for oppstått situasjon. Styret i Øystese idrettslag må derfor ta ansvar for uheldige tilhøve som er kome opp i samband med utbetaling av kompensasjonsmidlar til HT. Mellom anna vil ØIL-styret handtere saka vidare opp mot Kvam herad.

2) Den økonomiske ståa i føretaket og vurderingar rundt vidareføring av dei to idrettsskule- / SFO-tilboda

Nytt hovudstyre i ØIL må snarast råd vurdere om det er grunnlag for vidare drift av Hardanger Talentutvikling AS, om økonomien i føretaket er bærekraftig.

3) Styrking av ØIL-styring av HT

Nytt hovudstyre i ØIL må snarast råd sørgje for at styret i Hardanger Talentutvikling vert styrka og at tilbakemeldingsrutinar til eigar vert gjort meir tydeleg.

Sak 9. Val av ØIL-styre for 2013

Valnemnda la fram forslag til hovudstyre for 2013. Skryt til valnemnda for godt utført jobb.

Vedtak:

Følgjande styre vart einstemmig valt:

Leiar:	Vidar Torsvik	(1 år)
Nestleiar:	Kjerstin Valland	(2 år)
Kasserar:	Trude Torvund	(1 år) – ikkje på val
Skriverar:	Rune Vik	(1 år) – ikkje på val
Styremedlemmer:	Sonja Fagerheim	(1 år) – ikkje på val
	Mariann Lilledal Valland	(2 år)

1. vara: **Toril Honningsvåg Vik** (2 år)
Åshild Bekkesletten (2 år)

Valnemnd: **Janne Bjørkvall** (2 år)
Svein Hovland (2 år)

Revisor: **Signe K. Kvamsøy**

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/teppecurling **Lillian Kvamsøy**
Fotball **Karsten Samland**
Friidrett / trim **Leiv Sandven**
Turn **Åshild Bekkesletten**
Orientering **Olav Kreken**
Hopp
Alpin
Vektløfting

ØIL- styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

Magnar Dalatun (1 år) – ikkje på val
Karin Vik (2 år)

Ref.

Rune Vik


_____ (sign)

ALBART TVEDT


_____ (sign)

BRITT MARIT FASTELAND